



Helse- og omsorgsdepartementet  
Postboks 8011 Dep.  
0030 OSLO

**Deres ref.:**

24/110-

**Vår ref.:**

24/483-4 EHU

Eskild Hustvedt / 47646514

**Dato:**

06.03.2024

## Overgangsordning for autorisasjon som paramedisinar

Fagforbundet er svært glade for at regjeringa går inn for ein overgangsordning til paramedisinar-autorisasjon. Dette er ei etterlengta anerkjenning av kompetansen ute i tenestene, og legg grunnlaget for ei god prehospital teneste i framtida.

Fagforbundet står intensjonen bak forslaget, og er i stor grad samde med departementet, men det er, sånn me ser det, to problem med forslaget:

1. Grensa for når ein må ha vore utdanna
2. At sjukepleiarar med fagbrev ikkje er inkludert

Fagforbundets syn, og forslag til endringar, vert gjort greie for seinare i dokumentet. Som ei oppsummering foreslår me følgjande tiltak:

1. At alle som har begynt utdanning som Nasjonal Paramedic eller master i prehospitale tenester innan 11. januar 2024 vert omfatta av ordninga.
2. At personar med fagbrev som ambulansearbeidar *og* bachelor i sjukepleie vert omfatta av ordninga.

### Grensa for når ein må ha vore utdanna

Datoen som står i forslaget er 1. mai 2022. Dette er litt misvisande då dette ikkje er dato ein må ha fullført utdanninga, men dato ein må ha fullført utdanninga og ha nok praksis. I realiteten gjeld difor ordninga for personar som har fullført utdanninga pr. 1 desember 2019. Dette er uheldig, både fordi ein ekskluderer ei stor gruppe med fagfolk, men òg fordi datoен framstår litt tilfeldig, samstundes som det gjer ordninga litt vanskeleg å forstå.

Det er òg sånn at det òg er folk som har fullført utdanninga etter 1. mai 2022 som vert ekskludert. Me har motteke mange reaksjonar frå våre medlemmar som anten held på å ta utdanninga i dag, eller har fullført den etter desember 2019. Me er bekymra for at den løysinga som er føreslått kan skape unaudsynt uro ute i tenestene, og at ein legg grunnlag for eit A- og B-lag, som er noko av det ordninga er laga for å unngå.

Me er einige i at det er naudsynt å setje ein slutt dato for ei overgangsordning, men datoen må framstå logisk og rettferdig. Vårt forslag er difor at ein endrar ordninga til å omfatte alle som har starta på anten Nasjonal Paramedic eller ein mastergrad i prehospitale tenester før

*11. januar 2024* og at fristen for når ein kan søkje autorisasjon vert justert tilsvarende sånn at ein får høve til å fullføre utdanninga på normert tid og oppfylle kriteria til ordninga innan fristen.

Det ovannemnte er vår føretrekte løysing, og den som me meiner vil bidra til å byggje best moglege tenester i åra framover. Likevel, viss det ikkje er mogleg å gjennomføre den løysinga, meiner Fagforbundet subsidiært at ein må setje den reelle grensa til 1. mai 2022, altså at ein må ha fullført utdanninga innan 1. mai 2022, men kan oppfylle krava til praksis innan 1. juni 2025. Det vil som eit minstemål gjere ordninga lettare å forstå, og mindre tilfeldig.

### **Ambulansearbeidarar med fagbrev og sjukepleiar-utdanning**

Det er ei gruppe med fagfolk som ikkje er inkludert i ordninga, men som me meiner burde vere det og det er dei som har både fagbrev som ambulansearbeidar og bachelorgrad i sjukepleie. Dette er uheldig, og Fagforbundet meiner at desse må med i den endelige ordninga.

Kombinasjonen av eit fagbrev i ambulansefaget, saman med ein bachelorgrad i sjukepleie, gir ein svært solid ambulansefagleg kompetanse tilsvarande det dei andre gruppene i ordninga har. Samstundes er det òg sånn at ein bachelor i sjukepleie har vore eit alternativt laup for ambulansearbeidarar som har ynskja å byggje på kompetansen sin. Arbeidsgjevarsida har òg enkelte stader i landet oppmoda dei tilsette til å ta bachelor i sjukepleie, heller enn Nasjonal Paramedic. Det vert difor oppfatta som urettferdig at den eine gruppa no vert med, medan den andre ikkje gjer det.

Me er uroa over at ein ved å utelate desse personane frå ordninga vil skape unaudsynt konflikt i tenesta i tida framover. Det kan hende at ein har tenkt at desse allereie har ein ekstra autorisasjon som konsekvens av «vidareutdanninga» dei tok, dvs. autorisasjon som sjukepleiar. Dette er jo i og for seg korrekt, men intensjonen var å oppnå betre ambulansefagleg kompetanse på eit høgskule- eller universitetsnivå, i ei tid før paramedisin-utdanninga eksisterte.

### **Bedriftsinterne ordningar**

Før opprettิงa av Nasjonal Paramedic var det mange forskjellege interne utdanningsprogram for ambulansearbeidarar som har gitt kvalifikasjonar som i føretaka har blitt rekna som «paramedic». Fagforbundet ynskjer å oppmode departementet til å undersøkje om nokon av desse oppfyller dei faglege krava og då kan kvalifisere til ei liknande overgangsordning.

Med helsing  
FAGFORBUNDET

Eskild Hustvedt  
rådgjevar